



Coop Hordaland AS  
Postboks 73 Nesttun  
5852 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1480 - 15/37238

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
10.12.2015

## Etterlyser status fettutskiljar ved Mama Rosa Knarvik - gbnr 188/357 - Kvassnesvegen 3 og 5.

Teknisk drift har framleis ikkje motteke søknad om løyve til å installere fettutskiljar ved Mama Rosa Knarvik – gbnr 188/357 – Kvassnesvegen 3 og 5. Teknisk drift vil minne Dykk om at ein ikkje kan knytte utskiljar-anlegg til offentleg leidningsnett før utskiljar anlegg er godkjent av Teknisk drift.

Vi ber Dykk ta kontakt med rørleggar for å sende inn søknad med berekningsgrunnlag for val av utskiljarstørrelse. For å unngå unødvendige kostnader må anlegg være godkjent av kommunen før bestilling av anlegg. Dersom det vert installert anlegg som ikkje overholder krav til utsleppsvatn og temperatur, vil det komme krav om installering av større anlegg.

**Teknisk drift sett nå ei frist for innsending av søknad på 14 dager frå dags dato.**

Dersom søknad uteblir vil kommunen kalle inn til møte.

*Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift krev installering av fettutskiljar ved Mama Rosa Knarvik Kvassnesvegen 3 og 5. Fettutskiljar skal tilnyttast spillvassleidning slik at vegetabils og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på kommunalt leidningsnett og medfører skade på dette og reinseanlegg.*

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Arne Helgesen



**Mottakarar:**

Coop Hordaland AS

Postboks 73  
Nesttun

5852

BERGEN